



Innkalling: HARDANGER UNGDOMSRÅDSMØTE
Dato: Onsdag 03.05.2017
**Stad: Næringshagen i Odda/
Hardanger Folkeblad**
Tid: 1130 – 16.00

BUSSTIDER

Eidfjord-Odda	0946 -1120
Granvin-Odda	0950 -1120
Jondal-Odda	1030 -1115
Kinsarvik-Odda	1022 -1120
Hauso-Odda	0941 -1030
Kvam-Odda	0920 -1115
Voss-Odda	0920 -1120

AGENDA:

11 30 - 14 00	Hardanger Ungdomsråd sakshandsaming
14 00 - 16 00	Redaksjonsmøte med Hardanger Folkeblad

HU-sak 13/17

Redaksjonsmøte med Hardanger Folkeblad

HU-sak 14/17

Orienteringssaker

- Aktivitetshelg 2017 i Odda
- Felles klubbkveld i Eidfjord - tilbakemelding
- Svarbrev frå Skyss
- Andre saker

HU-sak 15/17

**Informasjon om arbeid frå den einsskille
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

Forfall må meldast:

Hardangerrådet v/

Trude Lægreid Rinaldo tlf 489 54 550

trude@hardangerradet.no

Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 26.04.2017

Trude Lægreid Rinaldo
Konsulent Hardangerrådet

HU-sak 13/17 Redaksjonsmøte med Hardanger Folkeblad

Me må diskutera kva tema og saker ungdommen i Hardanger vil at Hardanger Folkeblad skal skriva om. Bruk litt tid på å diskutera dette med andre ungdommar i kommunen din på førehand.

Ha med dykk mange idear til møtet.

HU-sak 14/17 Orienteringssaker

- Aktivitetshelg 2017 i Odda

Ida kjem på møtet og vil oppdatera oss, samt at ho vil ha tilbakemelding på om alle har gjort sine oppgåver.

- Felles klubbkveld i Eidfjord

Tilbakemelding frå Eidfjord om korleis det gjekk

- Svarbrev frå Skyss

Dette brevet er lagt som vedlegg i innkallinga

- Andre saker

**HU-sak 15/17 Informasjon om arbeid frå den einskilde
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

Hardangerrådet

Att. Rinaldo, Trude

 Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopertil:	
29 MAR 2017		
Saksnr.	Dok.nr.	Løpenr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

skyss 



Vår ref.: 2015/705-4

Dykkar ref.:

Bergen, 22.03.2017

Svar til Hardanger Ungdomsråd

Viser til førespurnad frå Hardanger ungdomsråd av 1 mars 2017. Skyss set stor pris på engasjementet ungdomsrådet viser og at ungdomsrådet diskuterer og spelar inn sine ønskjer og behov til oss.

Avgjersler knytt til ordninga med ungdomskort ligg til politikarane i fylket å vedta. Fylkestinget vedtok i desember 2016 å utvide aldersgrensa for ungdomsbilletten frå 20 til 21 år, frå og med 1. februar 2017. Også for økonomiske rammer for ordninga trygt heim er det politikarane i fylket som fattar vedtak. Ungdomsrådet er likevel velkommen til å sende sine innspel omkring aktuelle strekningar til Skyss.

Når Skyss planlegg større endringar i kollektivtilbodet, til dømes i forkant av nye anbod eller i arbeid med trafikkplanar for eit område, inviterer vi ofte kommunane/regionråd til dialog. For Hardanger sin del blei det gjennomført slike møte i prosessen med planlegging av nye anbod for buss i deira område, vinteren 2014. Her var både Hardangerrådet og kvar enkelt kommune invitert til møte med Skyss, og oppmoda til å samle inn innspel frå aktuelle målgrupper i kommunen, og å spele inn egne prioriteringar/omprioriteringar. Endringar som blei gjort i etterkant av denne dialogen er nettopp sett i verk frå hausten 2016.

Når det gjeld ønskje om fleire bussar i helgene og på kveldstid tar vi gjerne i mot innspel frå ungdomsrådet. Det er ein fordel om innspela er konkrete mtp tidspunkt og strekningar. Det vil også vere ein fordel dersom ungdomsrådet kan peike på omprioriteringar av avgangar/strekningar innanfor dagens rutetilbod i eiga område. Skyss har avgrensa ressursar som skal bli nytta så effektivt som mogleg for å gje så mange reisande som mogleg eit godt kollektivtilbod. Det er ikkje økonomiske rammer til å auke tilbodet, så fleire avgangar ein plass vil anten krevje reduksjon av tilbodet ein annan stad. Mellom anna vil ledig kapasitet og etterspurnad spele inn når prioriteringar skal fattast. Ønske om endringar vil bli handsama i den årlege prosessen for ruteendring som har iverksetting i august kvart år, medan «akutte» utfordringar vil bli handsama fortløpande.

Kollektivstrategi for Hordaland gir føringar for utviklinga av kollektivtilbodet med eit tidsperspektiv fram mot 2030. Denne ligg tilgjengeleg på nettsida www.skyss.no/rapportar.

Med vennleg helsing,



Oddmund Sylta
direktør

Målfrid Vik Sønstabø
Leiar avdeling Trafikktilbod

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.